


Kartlegging og rekartlegging av kulturmarkslokaliteter på Tautra

Midsund kommune
Møre og Romsdal fylke



Firmanavn og årstal: Landbruk Nordvest SA, 2016
Ansvarlig for utarbeiding av rapport: Maud Grøtta
Oppdragsgjevar: Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Litteraturreferanse: Grøtta, M. 2016. Kartlegging og rekartlegging av kulturmarkslokaliteter på Tautra. 20 sider. Upublisert.

Innhald

	Side
Tautra: nedom berga. Rekartlagt slåttemark	3
Tautra: Nordigardsbukta. Rekartlagt naturbeitemark	6
Tautra: Vatilebukta. Rekartlagt naturbeitemark	9
Tautra: Stegane. Rekartlagt naturbeitemark	12
Tautra vest. Nykartlagt kystlynghei	16
Mulige nye lokaliteter på Tautra	20

Tautra: nedom berga

Id BN00020709

Områdenavn

Tautra: nedom berga

Kommuner

Midsund

Naturtype

Slåttemark

Utforming

D0104 Frisk fattigeng

Verdi

Lokalt viktig

Utvalgt naturtype

Ja

Registreringdato

22.09.2015

Nøyaktighetsklasse

< 20 m

Verdibegrunnelse

På basis av faktaark for slåttemark frå 2015 og med god vilje får lokaliteten verdi C, lokalt viktig. Det gis høg vekt på landskapsøkologi og lav vekt på størrelse, typevariasjon, artsmangfald, tilstand og påvirkning. Det er fortsatt potensiale for restaurering. Lokaliteten er del av eit heilskapleg kulturlandskap.

Innledning

Beskrivelsen er laga av Landbruk Nordvest SA v/Maud Grøtta 23.03.2016, på grunnlag av eige feltarbeid 22.09.2015 og på grunnlag av tidlegare beskrivelse frå 2005 laga av John Bjarne Jordal etter feltarbeid i 2003. Arbeidet er gjort på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Beliggenhet

Lokaliteten ligg på øya Tautra i Romsdalsfjorden og er ei lita slåttemark som ligg inne på øya i ei sørvendt li. Lokaliteten har attgrodd kulturmarkseng eller hagemark på alle kantar.

Naturtyper

Naturtypen er slåttemark, utforming frisk fattigeng. Stort innslag av svartknoppurt kan tyde på noko baseinnhald. Av stedegne tre- og buskar finnes det einer, bjørk, rogn, furu og villbringebær.

Artsmangfold

Jordal 2003: Av planter kan nemnast blåknapp, blåkoll, englodnegras, engstorr, fagerperikum, finnskjegg, firkantperikum, geitsvingel, gulaks, heistorr, knegras, kornstorr, kystbergknapp, loppestorr, smalkjempe, storblåfjør, svartknoppurt, tiriltunge. Særleg påfallande var dei store mengdene med svartknoppurt. Grøtta 2015: Desse artane vart notert: blåknapp, englodnegras, geitsvingel, gulaks, firkantperikum, engkvein, lyssiv, mjødurt, smalkjempe, svartknoppurt, sølvbunke, myrtistel. Det var fortsatt mykje svartknoppurt. Dette er mindre enn 10 kulturmarksartar og inngangsvekt er soleis ikkje oppnådd på artsmangfald. Det kunne sikkert ha vore funne fleire artar om det hadde vore bruka meir tid på botanisering og det er valt å gje lokaliteten verdi C fordi det fortsatt er potensiale til restaurering.

Påvirkning, tilstand og bruk

Lokaliteten synest å vere heilt ugjødsel, men den er no (2015) mykje atgrodd, spesielt med einer og lauvkratt. Vegetasjonen på lokaliteten er likevel fortsatt tydeleg ulik omgjevnaden. Det har ikkje vore verken slått eller beita på svært mange år.

Fremmede arter

Det vart ikkje sett framande artar.

Skjøtsel

Helst skulle denne lokaliteten ha vore skjøtta med slått. Noko av verdiane kan likevel takast vare på med beiting. Einer og lauvkratt bør ryddast bort. Det skal ikkje gjødslast.

Landskap

Tautra har kystlynghei i vest og øst. Midt på øya er landskapet dominert av dyrka mark. Det finnes fleire kulturbetinga lokaliteter på Tautra. Tautra er registrert som Nasjonalt verdifullt kulturlandskap, sjå ID KF00000225 i Naturbase.

Totalareal

0,3 daa

Kilder

Navn	År	Tittel	Lenke	Kildetype
Aksdal, S.	1994	Nasjonalt registrering av verdifulle kulturlandskap i Møre og Romsdal. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavdelinga rapport nr. 6 - 1994. 125 s.		Litteratur
Jordal, J. B.	2005	Kartlegging av naturtypar i Midsund kommune. Ressurssenteret i Tingvoll, rapport nr. 2-2005. 81 s. + kart. ISBN 82-92007-04-0.		Litteratur
Jordal, J. B.	2007	Slåtteenger i Møre og Romsdal. Samanstilling av kunnskapen om biologisk verdifulle lokalitetar. MR Fylke, Landbruksavd. rapport nr. 1-2007. 112 s.		Litteratur
Grøtta, M.	2016	Kartlegging og rekartlegging av kulturmarkslokalitetar på Tautra. Landbruk Nordvest SA. 21 sider. Upublisert.		Litteratur

Kart

Avgrensing er ikkje endra

Foto frå lokaliteten Tautra : nedom berga tatt 22.09.2015



Tautra: Nordigardsbukta

Id BN00020703

Områdenavn

Tautra: Nordigardsbukta

Kommuner

Midsund

Naturtype

Naturbeitemark

Utforming

D0404 Frisk fattigeng

Verdi

Lokalt viktig

Utvalgt naturtype

Nei

Registreringdato

22.09.2015

Nøyaktighetsklasse

< 20 m

Verdibegrunnelse

På basis av faktaark for naturbeitemark frå 2015 er det tvil om dette i det heile skulle vore ein lokalitet fordi inngangsverdi ikkje er oppnådd på hverken artsmangfald eller raudlisteartar. Lokaliteten får høg vekt på størrelse, middels vekt på tilstand og påvirkning. Denne beitemarka skil seg positivt ut frå omgivnaden og har potensiale til å få høgare vekt på tilstand og påvirkning etter rydding, og om heile lokaliteten vert beita. Tal kulturmarksartar kunne kanskje ha vore høgare om det vart bruka meir tid på botanisering. Lokaliteten er del av eit heilskapleg kulturlandskap. Etter samla vurdering får denne lokaliteten verdi C, lokalt viktig.

Innledning

Beskrivelsen er laga av Landbruk Nordvest SA v/Maud Grøtta 23.03.2016, på grunnlag av eige feltarbeid 22.09.2015 og på grunnlag av tidlegare beskrivelse frå 2005 laga av John Bjarne Jordal etter feltarbeid i 2003. Arbeidet er gjort på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Beliggenhet

Lokaliteten ligg på øya Tautra i Romsdalsfjorden og er ei beitemark nær sjøen på nordsida av øya, like ved småbåthamna. I aust grenser lokaliteten til ein veg og til attgrodd beitemark, i sør mot attgrodd beitemark, i vest mot kystlynghei og i nord mot sjøen.

Naturtyper

Naturtypen er naturbeitemark, utforming frisk fattigeng med innslag av sølvbunkeeng. Av stedege tre- og buskar finnes det einer, bjørk og villbringeber.

Artsmangfold

Jordal 2003: Funn av vill-lin i 1993. Ellers vart det notert blåklokke, blåknapp, blåkoll, enghumleblom, englodnegras, finnskjegg, geitsvingel, gulaks, gåsemure, heistorr, kjertelaugnetrøst, knegras og smalkjempe. Det vart funne 7 vokssoppartar og 4 raudskivesopp-arter (ikkje raudlista). Grøtta 2015: Det vart notert blåklokke, blåknapp, blåkoll, englodnegras, engsoleie, firkantperikum, gulaks, svartknoppurt og tepperot. Det vart ikkje funne beitemarksopp. Av andre soppar vart det funne spiss fleinsopp, slank flekkskivesopp og kokosriske.

Påvirkning, tilstand og bruk

Lokaliteten er delt i to av eit gjerde slik at det vert ein austre og ein vestre del. Den austre delen er tilgjengeleg som beite for sau og beitetrykket ser i 2015 ut til å vere omtrent passeleg eller kanskje litt svakt. Det er noko einer på denne delen av lokaliteten. På vestsida av gjerdet har det ikkje vore beita dei siste åra og det er kome inn noko mjørdurt og bringebær slik at ei attgroing har starta. På austre delen ligg det ein del plastrøyr og på vestre delen har det vore eit mindre fysisk inngrep. Heile lokaliteten ser ut til å ha svake spor etter gjødsling. Under synfaring i 2015 vart desse opplysningane gjeve: Enga har vore brukt til slått til ut på 1960-talet. Deretter var den brukt til beite for kyr fram til omkring 1970. Etter det var den brukt til beite for sau til litt ut på 2000-talet, men det var få sauer på beitet. Enga vart delt med gjerde i 2013. Austsida har sidan vore beita av sau, Norsk kvit. Det vert praktisert skiftebeiting med 5 skifter slik at enga får kvile mellom kvar avbeiting.

Fremmede arter

Det vart ikkje sett framande artar.

Skjøtsel

Den austre delen: Det er bra om beitetrykket kan haldast på same nivå som i 2015, eller eventuelt aukast litt. Einer bør ryddast bort slik at meir av arealet kan vere dekt av gras og urtar. Plastrøyr bør flyttast bort frå lokaliteten. Vestre delen: Her hastar det med å ta opp att beiting som skjøtsel. Heile lokaliteten: Det skal ikkje gjødslast eller gjerast fysiske inngrep.

Landskap

Tautra har kystlynghei i vest og øst. Midt på øya er landskapet dominert av dyrka mark. Det finnes fleire lokaliteter med naturbeitemark på Tautra. Tautra er registrert som Nasjonalt verdifullt kulturlandskap, sjå ID KF00000225 i Naturbase.

Totalareal

4,2 daa

Kilder

Navn	År	Tittel	Lenke	Kildetype
Jordal, J. B. & Gaarder, G.	1993	Soppfloraen i en del naturbeitemarker og naturenger i Møre og Romsdal og Trøndelag. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavdelinga rapport nr. 9-1993. 76 s.		Litteratur
Aksdal, S.	1994	Nasjonalt registrering av verdifulle kulturlandskap i Møre og Romsdal. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavdelinga rapport nr. 6 - 1994. 125 s.		Litteratur
Jordal, J. B.	2005	Kartlegging av naturtyper i Midsund kommune. Ressursenteret i Tingvoll, rapport nr. 2-2005. 81 s. + kart. ISBN 82-92007-04-0.		Litteratur
Grøtta, M.	2016	Kartlegging og rekartlegging av kulturmarkslokalteter på Tautra. Landbruk Nordvest SA. 21 sider. Upublisert.		Litteratur

Kart: Avgrensinga vart ikkje endra.

Foto frå lokaliteten Tautra: Nordigardsbukta tatt 22.09.2015



Bildet ovanfor er tatt på austsida av gjerdet, bildet nedanfor er tatt på vestsida av gjerdet.



Tautra: Vatilebukta

Id BN00020706

Områdenavn

Tautra: Vatilebukta

Kommuner

Midsund

Naturtype

Naturbeitemark

Utforming

D0404 Frisk fattigeng

Verdi

Viktig

Utvalgt naturtype

Nei

Registreringdato

22.09.2015

Nøyaktighetsklasse

< 20 m

Verdibegrunnelse

På basis av faktaark for naturbeitemark fra 2015 får lokaliteten høg vekt på størrelse og påvirkning, middels vekt på tilstand og lav vekt på arts mangfold og raudlistearter. Lokaliteten får dermed verdi B (viktig).

Innledning

Beskrivelsen er laga av Landbruk Nordvest SA v/Maud Grøtta 23.03.2016, på grunnlag av eige feltarbeid 22.09.2015 og på grunnlag av tidlegare beskrivelse frå 2005 laga av John Bjarne Jordal (BN00020706) etter feltarbeid i 2003. I 2016 er avgrensinga endra. Arbeidet er gjort på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Beliggenhet

Lokaliteten ligg på øya Tautra i Romsdalsfjorden og er ei beitemark heilt ned til sjøen på sørsida av øya. I øst og vest grenser lokaliteten mot bart berg, og i nord grenser den mot myr. Avgrensing er gjort på ortofoto.

Naturtyper

Naturtypen er naturbeitemark, utforming frisk fattigeng. Av stedefne tre- og buskar finnes det einer og bjørk.

Artsmangfold

Jordal 2003: Av planter kan nemnast blåklokke, englodnegras, finnskjegg, geitsvingel, gulaks, gåsemure, heisiv, heistorr, hårsvæve, kjertelaugnetrøst, knegras, kystmaure, smalkjempe, tirltunge. Av beitemarkssopp vart det funne *Entoloma chalybaeum*, *Entoloma longistriatum*, *Entoloma poliopus*, *Hygrocybe chlorophana*, *Hygrocybe conica*, *Hygrocybe laeta*, *Hygrocybe nitrata*, *Hygrocybe pratensis*, *Hygrocybe psittacina*, *Hygrocybe virginea*. Ingen av desse er raudlisteartar. Grøtta 2015: Desse beitemarkssoppene vart funne: honningvokssopp, *Hygrocybe reidii*, skjør vokssopp, *Hygrocybe ceracea*, gul småkøllesopp, *Clavulinopsis helvola* og ein sopp som truleg er mørkeblå raudspore, *Entoloma lampropus* (DD). Det er sendt inn belegg av den siste. I tillegg var det 2 eller 3 andre raudsporesoppar som ikkje vart artsbestemt. Andre soppar som vart funne: Spiss fleinsopp, *Psilocybe semilanceata*, liten luthette, *Mycena leptocephala*, og stjerneørødsore, *Entoloma conferendum*.

Påvirkning

Beitemarka er sterkt gjengrodd med einer i øvre kant. Ved befaring i september 2015 ser beitetrykket ut til å vere passande eller kanskje litt i svakaste laget. På lokaliteten er det noko søppel som har kome frå sjøen.

Fremmede arter

Det vart ikkje sett framande artar.

Skjøtsel

Det er bra om beitetrykket kan haldast på same nivå som i 2015 eller eventuelt aukast litt. Einer bør ryddast bort slik at meir av arealet kan vere dekt av gras og urter. Det skal ikkje gjødselast eller gjerast fysiske inngrep. Det er bra om det kan ryddast bort søppel som ikkje er av naturleg materiale.

Landskap

Tautra har kystlynghei i vest og øst. Midt på øya er landskapet dominert av dyrka mark. Det finnes fleire lokaliteter med naturbeitemark på Tautra. Tautra er registrert som Nasjonalt verdifullt kulturlandskap, sjå ID KF00000225 i Naturbase.

Totalareal

5,4 daa

Kilder

Navn	År	Tittel	Lenke	Kildetype
Jordal, J. B. & Gaarder, G.	1993	Soppfloraen i en del naturbeitemarker og naturenger i Møre og Romsdal og Trøndelag. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavdelinga rapport nr. 9-1993. 76 s.		Litteratur
Aksdal, S.	1994	Nasjonalt registrering av verdifulle kulturlandskap i Møre og Romsdal. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavdelinga rapport nr. 6 - 1994. 125 s.		Litteratur
Jordal, J. B.	2005	Kartlegging av naturtypar i Midsund kommune. Ressurssenteret i Tingvoll, rapport nr. 2-2005. 81 s. + kart. ISBN 82-92007-04-0.		Litteratur

Navn	År	Tittel	Lenke	Kildetype
Grøtta, M.	2016	Kartlegging og rekartlegging av kulturmarkslokaliteter på Tautra. Landbruk Nordvest SA. 21 sider. Upublisert.		Litteratur

Kart: Det vart laga ny avgrensing vist med raud strek. Gamal avgrensing er grøn.



Foto tatt på lokaliteten Tautra: Vatlebukta 22.09.2015



Tautra: Stegane

Id BN00020708

Områdenavn

Tautra: Stegane

Kommuner

Midsund

Naturtype

Naturbeitemark

Utforming

D0404 Frisk fattigeng

Verdi

Lokalt viktig

Utvalgt naturtype

Nei

Registreringdato

22.09.2015

Nøyaktighetsklasse

< 20 m

Verdibegrunnelse

På basis av faktaark for naturbeitemark frå 2015 får lokaliteten høg vekt på størrelse, middels vekt på påvirkning og lav vekt på artsmangfald, raudlisteartar og tilstand. Lokaliteten får dermed verdi C, lokalt viktig.

Innledning

Beskrivelsen er laga av Landbruk Nordvest SA v/Maud Grøtta 23.03.2016, på grunnlag av eige feltarbeid 22.09.2015 og på grunnlag av tidlegare beskrivelse (BN00020708) frå 2005 laga av John Bjarne Jordal etter feltarbeid i 2003. I 2016 er namnet endra frå «Vest for Stegane» til «Stegane» og avgrensinga er endra. Arbeidet er gjort på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Beliggenhet

Lokaliteten ligg på øya Tautra i Romsdalsfjorden og er ei beitemark som ligg inne på øya, altså ikkje ved sjøen. Lokaliteten grenser til kystlynghei i vest. Sør for lokaliteten er det ei bratt li som er tett tresatt. Ein del av denne lia var tidlegare ein del av lokaliteten, men er no tatt ut fordi det er attgrodd. Nord for vestre del av lokaliteten ligg det eit stykke dyrka mark som ikkje har vore i bruk dei siste åra. Austre del av lokaliteten har dyrka mark både i sør og i nord.

Naturtyper

Naturtypen er naturbeitemark. Utforming frisk fattigeng. Det vart funne jordnøtt i 2003 og Jordal har og ført opp jordnøtteng som uforming. Det er mosaikk med kystlynghei, D0703, om lag 25 % av lokaliteten er dekt av lyng. Av stedege tre- og buskar finnes det einer, bjørk, rogn og villbringeber.

Artsmangfold

Jordal 2003: Av planter kan nemnast blåklokke, blåknapp, engfiol, enghumleblom, englodnegras, fagerperikum, geitsvingel, gulaks, heistorr, jordnøtt, knegras, smalkjempe, svartknoppurt og tiriltunge. Av sopp vart det m.a. funne 3 jordtungeartar, 9 vokssoppartar og to artar småkøllesopp. Av desse var det 3 raudlisteartar: skjeljordtunge *Geoglossum fallax*, brunsvart jordtunge *Geoglossum umbratile* og gulfotvokssopp *Hygrocybe flavipes*, alle omsynskrevande (DC). Artar som var funne 02.07.1934 på Tautra (dårleg stadfesting, men truleg fleire opplysningar i dagboka til J. Lid) var m.a. dvergsmyle, blankburkne, marinøkkel og lodnefaks. Desse vart ikkje funne på Tautra korkje i 1993 eller 2003. Lodnefaks synest å vera utrydda i distriktet. Grøtta 2015: Desse artane vart notert: blåknapp, geitsvingel, gjerdevikke, gulaks, legeveronika, smalkjempe, svartknoppurt, tepperot, tiriltunge. Av beitemarksopp vart det funne gul småkøllesopp, *Clavulinopsis helvola*, skjør vokssopp, *Hygrocybe ceracea*, honningvokssopp, *Hygrocybe reidii*, kantarellvokssopp, *Hygrocybe cantharellus*, bleikgrøn kragesopp, *Stropharia pseudocyanea*, og seig vokssopp, *Hygrocybe laeta*. Ingen av desse er på raudlista. Av andre soppar vart det funne lakssopp, flåhette og kokosriske. Av dei tre raudlista beitemarksoppene som Jordal fann i 2003 er berre den eine fortsatt på raudlista; gulfotvokssopp (NT).

Påvirkning, tilstand og bruk

Lokaliteten synest å vere heilt ugjødsel, men den er no (2015) mykje attgrodd, spesielt med einer. Avgrensinga er derfor endra slik at dei mest attgrodde partia er tatt ut av lokaliteten. I vest har ein del av den gamle lokaliteten no gått inn i ein ny lokalitet med kystlynghei. Det har ikkje vore beitedyr her på mange år, men det er planer om å rydde bort einer og sette på beitedyr. Det går ein sti/traktorveg gjennom lokaliteten frå aust til vest.

Fremmede arter

Det vart ikkje sett framande artar.

Skjøtsel

Om ikkje verdiane i denne beitemarkslokaliteten skal gå heilt tapt må det snarast settast på beitedyr. Einer og lauvkratt må ryddast bort. Om det i tillegg vert rydda sør for den nye avgrensinga kan det vere potensiale for å utvide lokaliteten att i den retninga. Om dyrkamarka nord for lokaliteten vert godt skjøtta med beiting og ikkje gjødsling er det kanskje potensiale for å utvide lokaliteten den vegen og, men den vil ikkje vere so artsrik som resten. Med restaurering og passeleg beitetrykk i nokre år vil det kunne gje høg vekt for tilstand og påvirkning. Ny botanisering etter nokre år med god skjøtsel vil kanskje resultere i ei liste på meir enn 20 artar typiske for naturbeitemark og soleis gje denne lokaliteten verdi B, viktig.

Landskap

Tautra har kystlynghei i vest og øst. Midt på øya er landskapet dominert av dyrka mark. Det finnes fleire lokaliteter med naturbeitemark på Tautra. Tautra er registrert som Nasjonalt verdifullt kulturlandskap, sjå ID KF00000225 i Naturbase.

Totalareal

10 daa

Kilder

Navn	År	Tittel	Lenke	Kildetype
Jordal, J. B. & Gaarder, G.	1993	Soppfloraen i en del naturbeitemarker og naturenger i Møre og Romsdal og Trøndelag. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavdelinga rapport nr. 9-1993. 76 s.		Litteratur
Aksdal, S.	1994	Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap i Møre og Romsdal. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavdelinga rapport nr. 6 - 1994. 125 s.		Litteratur
Jordal, J. B.	2005	Kartlegging av naturtypar i Midsund kommune. Ressurssenteret i Tingvoll, rapport nr. 2-2005. 81 s. + kart. ISBN 82-92007-04-0.		Litteratur
Grøtta, M.	2016	Kartlegging og rekartlegging av kulturmarkslokalitetar på Tautra. Landbruk Nordvest SA. 21 sider. Upublisert.		Litteratur

Kart: Det vart laga ny avgrensing vist med raud strek. Gamal avgrensing er grøn.




Foto tatt på lokaliteten Tautra: Stegane 22.09.2015



Tautra vest

Id

Områdenavn

Tautra vest

Kommuner

Midsund

Naturtype

Kystlynghei

Utforming

D0703 Fuktig lynghei

Verdi

Viktig

Utvalgt naturtype

Ja

Navn på utvalgt naturtype

U06 – Kystlynghei

Registreringsdato

22.09.2015

Nøyaktighetsklasse

< 20 m

Verdibegrunnelse

På basis av faktaark for kystlynghei frå 2015 får lokaliteten middels vekt på størrelse og påvirkning/bruk, og lav vekt på tilstand. Lokaliteten får dermed verdi B (viktig).

Innledning

Beskrivelsen er laga av Landbruk Nordvest SA v/Maud Grøtta 22.03.2016, på grunnlag av eige feltarbeid 22.09.2015. Synfaring vart gjort til fots langs sti og i vestre del av lokaliteten, sørsida vart observert frå båt. Nordsida vart ikkje synfare. Arbeidet er gjort på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Beliggenhet

Lokaliteten ligg på øya Tautra i Romsdalsfjorden og omfattar den vestlige delen av øya. Lokaliteten dekkjer meir enn ein fjerdedel av Tautra. I øst grenser lokaliteten delvis til dyrka mark og delvis til bratte tresatte skrentar. I nord er det valt å ikkje ta med ei bratt nordvendt li som er tett tresatt med furu, kalla Skogen. Kystlyngheilokaliteten omsluttar en liten lokalitet med rik edellauvskog, BN00020712. Store deler av lokaliteten ligg innanfor Tautra vest naturreservat. Avgrensing er gjort på ortofoto.

Naturtyper

Naturtypen er hovudsakleg kystlynghei, utforming fattig lynghei. Det finnst også litt myr, Neste-myrene på sørsida av øya. På høgdedraga er det tynt jorddekke og tørrare. Av stedege tre- og buskslag vart det notert furu, einer, bjørk og rogn.

Artsmangfold

Vegetasjonen er dominert av gamal røsslyng. Ellers vart det sett blåtopp, heistarr, knegras, kystmyrklegg, klokkelyng, bjønnekam, blåknapp, smalkjempe, tepperot, blåbær, tyttebær, storfrytle, lyssiv, rome og pors. Av sopp vart det funne stjernerødspore, *Entoloma conferendum*. I følge Artskart er det funne skjelljordtunge, *Geoglossum fallax*, vivendel, *Lonicera periclymenum* og svartknoppurt, *Centaurea nigra ssp. Nigra innenfor lokaliteten*. Ein viktig kvalitet i naturreservatet Tautra vest er området sin funksjon som hekkelokalitet for sjøfugl, særleg svartbak, fiskemåse, sildemåse og gråmåse.

Påvirkning

Denne kystlyngheia har vore i gjengroing i lang tid, men store deler av lokaliteten er fortsatt open. På høgdedraga der det er tynt jorddekke veks det furu i eit slik omfang at landskapet her har preg av skog. Statens naturoppsyn har starta restaurering etter forvaltningsplan for Tautra vest naturreservat. Det var ved synfaring i september 2015 brent eit lite område som skal vere branngate for seinare brenning av større parti. Det var óg hogd ein del furu, og parti som er viktige for hekkende sjøfugl var då prioritert. Det var starta opp med beiting, nokre få sauer gjekk på beite i heia. I austre del av lokaliteten er det gjort noko dreneringsarbeid, her er det eit system av opne grøfter. Inne på øya er det spor etter eit gammalt torvtak, kalla Brensla, dette er om lag 5 daa stort. Det går ein traktorvei/sti gjennom lokaliteten frå aust til vest. Heilt i vest ligg det ei hytte.

Fremmede arter

Det veks noko sitkagran ved hytta heilt vest på øya og i ei eigedomsgrense i austre del av lokaliteten. Bergfuru skal ha vorte fjerna av SNO.

Skjøtsel

Det er ønskeleg at kystlyngheia vet halde ved like med tradisjonell drift med brenning og beiting. Tal beitedyr bør vere stort nok til å halde landskapet opent og hindre vidare gjengroing. Ved hogging og brenning bør ein spare lokaliteten med rik edellauvskog som ligg inne i kystlyngheilokaliteten.

Landskap

Tautra har kystlynghei i vest og øst. Midt på øya er landskapet dominert av dyrka mark. Det finnes mange lokaliteter med kystlynghei i Midsund kommune. Tautra er registrert som Nasjonalt verdifullt kulturlandskap, se ID KF00000225 i Naturbase.

Totalareal

400 daa

Kilder

Aksdal, S. 1994. Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap i Møre og Romsdal. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavingdelinga rapport nr 6 – 1994.

Connor, A. 2011. Forvaltningsplan for Tautra vest naturreservat. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavdelinga, rapport 2011:20. ISBN (Pdf utgåve): 978-82-7430-245-7.

Grøtta, M. 2016. Kartlegging og rekartlegging av kulturmarkslokaliteter på Tautra. Landbruk Nordvest SA. 21 sider. Upublisert.

Kart.

Grense er vist med raud strek



Foto tatt på lokaliteten Tautra vest den 22.09.2015



Mulige nye lokaliteter på Tautra

Storbauthaun og Gjerdet

Ein liten del av den gamle lokaliteten Vest for Stegane BN00020708 (grønt) går inn på arealet som her er avgrensa på kartet med raud strek. Denne delen er mykje attgrodd.



Desse artane vart funne på den opne enga (22.09.2015): blåklokke, engsyre, finnskjegg, fuglevikke, jordnøtt, kvitkløver, legeveronika, ryllik, smalkjempe, tepperot. Av beitemarksopp vart det funne: elfenbenshette, *Mycena flavoalba*, skjør vokssopp, *Hygrocybe ceracea* og bronserødspore, *Entoloma formosum*. Av andre sopp vart det funne slank flekkskivesopp, reddikhette og luthette. Ingen av artane er på raudlista. Fleire av desse artane indikerer at dette er ei slåttemark/naturbeitemark som ikkje er gjødsla på lang tid. Enga var sterkt nedbeita då den vart synfart. Botanisering rett før ein beiteperiode ville kanskje ha avdekt fleire artar slik at ein kunne sjå om det er grunnlag for å opprette ein lokalitet her.

Foto frå Storbrauthaugen tatt 22.09.2015



På kartet under er Storbrauthaun og Gjerdet teikna inn med blå strek. I tillegg er det avmerka to blå ovalar. Dette er parti som såg ut til å vere noko artsrike og som det kan vere verdt å sjå nærare på ved neste høve.



Tingvoll 01.04.2016

Maud Grøtta, Landbruk Nordvest SA